
Fra: Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>
Sendt: torsdag 4. januar 2018 10.59
Til: Postmottak Radøy
Emne: Kommuneplan 1991

I fylkesmannens utale til kommunedelplan RV 565 Tolleshaug – Soltveit vert det vist til «3 vegalternativ som vart utarbeidd i samband med kommuneplanen for Radøy kommune i 1991» :



FYLKESMANNEN I HORDALAND

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ingrid Haukeland, 55 23 77 83

Vår dato
- 4 NOV. 1996
Dykkar dato
04.07.96

Vår referanse
9402266.713.ih
Dykkar referanse

...
Radøy kommune
Teknisk kontor

5120 MANGER

0 5 .ii. 1996

KOMMUNEDELPLAN RV. 565 TOLLESHAUG- SOLTVEIT MED ARM TIL MANGER. UTTALE.

Innleiing- bakgrunn.

Fylkesmannen viser til oversending frå Dykk, datert den 5 juli. Vidare viser vi til brev dat.7 august og 13 september vedr. tilleggsrapport om biologisk mangfald. Rapporten, som er utarbeidd av NNI, vart motteken den 2 oktober. På bakgrunn av rapporten vart det halde møte mellom kommunen, vegkontoret og fylkesmannen den 8. oktober.

NNI-rapporten inneheld ikkje registreringar i korridoren for alternativ 6. Alle partar har hatt eit klårt ynskje om å få rapporten fram snarast råd, og frå vår side vart det føreslege å sløyfe alternativ 6 for å spare tid. Dette skuldast delvis at alternativet synest å vera lite aktuelt, og at kunnskapen om alternativ 6 i utgangspunktet var noko betre enn for dei andre alternativa (jfr. Per Espen Fjeld: Tilleggsanalyse om biologisk mangfald ved 12 utvalgte vegprosjekt i Hordaland). Fylkesmannen handsamer alternativ 6 på vanleg måte i uttalen til planframlegget.

Planframlegget med dei alternativa som no ligg ute til høyring, tek utgangspunkt i 3 vegalternativ som vart utarbeidd i samband med kommuneplanen for Radøy kommune i 1991. Planarbeidet med riksvegen vart ført vidare gjennom kommunedelplanen, som starta opp i desember 1991 og vart vidareført frå 1994.

Saka opplyser at det har vore arbeid mykje med alternative vegliner i planområdet, og at ei referansegruppe har vore med i siliingsarbeidet med vegtrasèane. Fylkesmannen finn likevel saka mangelfullt utgreidd med omsyn til miljøkonsekvensar, og framlegget til kommunedelplan er lite tilfredsstillande som grunnlagsmateriale for val av ny riksvegtrasè på Radøy. Fylkesmannen er ikkje nøgd med verken planprosess, medverknad eller kvalitet på det planmaterialet som no ligg ute til høyring.

Planframlegget er ikkje utarbeidd i samsvar med vegdirektoratet si handbok 140; «konsekvensanalyser». Denne arbeidsmetoden gjer mellom anna greie for korleis informasjon om enkeltkonsekvensar skal skildrast og verdsetjast. Vidare skal metoden sikre at både pris-sette og ikkje pris-sette konsekvensar vert samanstillt og evaluert. Fylkesmannen registrerer at denne metoden er brukt ved andre vegprosjekt som nyleg er utarbeidd ved vegkontoret i Hordaland, som td. rv13 ved Skjervet.

Kan det framskaffast ein kopi av den refererte delen av kommuneplanen frå 1991 ?

Siv. ing. Vidar Mjøs
Fabrikkg. 7B
5059 Bergen

vidar-mj@online.no

tlf 55 59 82 62

mob 907 88 921